



*Bygdeutvikling*

Det kongelige Olje- og Energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
18/285-18 19/13078  
Jarle Lunde

Arkivkode:  
K2 - S99

Dato:  
01.10.2019

## **HØYRINGSINNSPEL TIL NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT PÅ LAND**

Kommunestyre i Suldal vedtok følgjande i møte 24.september 2019:

*Suldal kommune ber om at alt areal i kommunen vert teke ut av føreslått rammeplan for framtidig vindkraftutbygging.*

Saksframlegg med vedtak er vedlagt.

Med helsing

Endre Gjil  
bygdeutviklingssjef

Jarle Lunde  
Rådgjevar

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng derfor inga underskrift.

# Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv    | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Jarle Lunde   | K2 - S99 | 18/285     |

| Saksnr | Utval                                              | Type | Dato       |
|--------|----------------------------------------------------|------|------------|
| 080/19 | Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet) | PS   | 12.09.2019 |
| 054/19 | Kommunestyret                                      | PS   | 24.09.2019 |

## Høyringsuttale til NVE sin nasjonale rammeplan for vindkraft

**Innstilling frå Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)** - 12.09.2019 - 080/19  
Suldal kommune ber om at alt areal i kommunen vert teke ut av føreslått rammeplan for framtidig vindkraftutbygging.

### Rådmannen si innstilling

Suldal kommune ber om at alt areal i kommunen vert teke ut av føreslått rammeplan for framtidig vindkraftutbygging.

Sand, 01.10.2019

Øyvind Valen  
rådmann

**Dokumentliste:**

Nasjonal ramme for vindkraft - høyring

Nasjonal ramme for vindkraft - høyring

Høyring - NVEs forslag til ein nasjonal ramme for vindkraft - ny høyringsfrist

Høyring - NVEs forslag til ein nasjonal ramme for vindkraft på land

**Saksopplysningar****Samandrag**

Olje- og energidepartementet har gitt Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å leie eit arbeid med å lage forslag til ein nasjonal rammeplan for vindkraft på land. NVE sitt faglige forslag ligg no føre i form av ein rapport datert 1.april 2019. I rapporten peikar NVE ut 13 område som dei meiner er mest eigna for ny vindkraftutbygging i Norge, deriblant Sunnhordland og Haugalandet. I Suldal kommune inngår ein stor del av Ropeidhalvøya og eit areal vest for Tysseland.

Departementet ønsker innspel til NVE sitt forslag til nasjonal ramme og til om det bør fastsettast ei nasjonal ramme for vindkraft i Norge.

Høyringsfristen er sett til 1. oktober 2019. Denne saka har som formål å gi ein uttale frå Suldal kommune.

**Fakta**

Olje- og energidepartementet har gitt Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

i oppdrag å leie eit arbeid med å lage forslag til ein nasjonal rammeplan for

vindkraft på land. NVE sitt faglige forslag ligg no føre i form av ein rapport datert 1.

april 2019. Forslaget inneheld eit samla kunnskapsgrunnlag om verknaden av vindkraft på land og eit kart med forslag til det NVE meiner er dei mest eigna områda for lokalisering av ny vindkraft.

Rapporten: [http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019\\_12.pdf](http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf)

Kartet: <https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme>

NVE har peikt ut 13 områder som direktoratet meiner er dei mest eigna. Også innanfor dei utpeikte områda vil det vere område som ikkje eignar seg for vindkraft på grunn av konflikt med viktige interesser, eller som følge av mindre gode vindressursar. NVE har lagt vekt på å unngå konflikt med viktige naturområder, og tatt betydelige omsyn til aktuelle tema, for eksempel friluftsliv, støy, fugle- og dyreliv, kulturminne og reindrift.

NVE sitt forslag er retta inn mot framtidige utbyggingar av vindkraft. Pr i dag er det

gitt konsesjon til nesten 23 TWh vindkraft i Norge. Av dette er omlag 10 TWh i drift eller under utbygging. NVE har avslått omlag 60 prosent av alle innsendte

vindkraftplaner.

### Område og områdeavgrensing

Eitt av dei 13 områda er det som er kalla Sunnhordland og Haugalandet. Dette er 2023 km<sup>2</sup> og strekkjer seg gjennom 9 kommunar. Som ein kan sjå av kartet under er det to delområde i Suldal som inngår, vestre del av Ropeidhalvøya (med Grytenuten) og fjellområda vest for Tysseland (med Sellendsnuten). Ein del av arealet innanfor det utpeikte området er ekskludert (1227 av 2023 km<sup>2</sup>) og skal derfor ikkje reknast som ein del av området. Eksklusjonane skyldas blant anna lite vind, tettstader (harde eksklusjonar), støyfølsom bustadområde og krevjande topografi.


NVE omtaler området slik:

*Sunnhordland og Haugalandet har gode produksjonsforhold for vindkraft, og er et av*

*områdene vi har vurdert til å være mest egnet for ny produksjon i et kraftsystemperspektiv.*

*I det utpekte området er det samtidig mange viktige miljø- og samfunnsinteresser knyttet til blant annet fugl, friluftsliv og bebyggelse. På tross av disse interessene framstår det utpekte området fra et nasjonalt perspektiv som et av de mest egnede områdene for ny vindkraftutbygging. I denne vurderingen har vi lagt mye vekt på de gode forutsetningene for nettilknytning.*

*I dette området er det ikke mange store områder som er aktuelle for vindkraftutbygging. De mulige vindkraftområdene er godt spredt, og det er mest aktuelt med små eller mellomstore vindkraftverk. I vest kan vindkraftverk bygges i lavereliggende områder, og det kan være mulig å bygge nær eksisterende infrastruktur. I den østlige og nordlige delen er det fjellområder som er mest aktuelle.*



*Kartet viser det aktuelle området med eksklusjonar.*

### Konsesjonsbehandling skal avgjøre om ein stad er egna for vindkraft

NVE sitt forslag til dei mest eigna områda er eit resultat av omfattande analysar utført på eit overordna nivå. Det følgjer av metodane som er anvendt at det vil være mange stader innanfor områda som er lite eigna for vindkraft. Samtidig kan stader utanfor områda være eigna. Enkeltprosjekt må derfor vurderast konkret i ein konsesjonsbehandling før det kan avgjörast om ein stad er eigna for vindkraft. Det vil være mogleg å søke om konsesjon også utanfor dei utvalde områda. Kartet kan likevel nyttast som eit styringsverktøy for kva område som vil bli prioritert framover.

### **Økonomiske konsekvensar**

Sentrale skatte- og avgiftsordningar vil kunne gi kommunen inntekter frå

vindkraftverk.

## **Folkehelse**

Sjå under.

## **Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak**

Fylkesdelplan for vindkraft i Rogaland (2007).

## **Innkomne uttalar**

Sand grendautval ønskjer ikkje vindmøller i området Ropeid/Selland. I den grad det er behov for meir kraft bør ein utnytta eksisterande vasskraftanlegg på ein betre måte, og vurderer alternative energikjelder.

Ropeidhalvøya grendautval uttalar seg samrøystes om området på halvøya som er i forslag til rammeplan: «Dette området er eit høgtliggjande og fritt område som kan vera eigna for vindkraft og det kjem ikkje i konflikt med busetnad eller næringsdrift. Ropeidhalvøya grendautval er i utgangspunktet positiv til utbygging av fornybar energi som ved bruk av vindmøller. Men utvalet vil leggja vekt på at den allereie store utbygginga av vasskraft som nå er i Suldal må utnyttast maksimalt før det blir sett i verk ny utbygging av vindkraft i kommunen. Grytenuten er eit ynda turmål med fleire turløyper i det aktuelle området og ei eventuell utbygging må ikkje koma i konflikt med dette. Grendautvalet kjenner ikkje til grunneigarane sin bruk av område og kva innverknad det kan få for beite og dyrehald, men det må også takast omsyn til det. Dagens samfunn har eit aukande behov for energi og då er det viktig å leggja til rette for utvinning av fornybar energi.»

## **Vurdering og konklusjon**

I saka som no ligg føre skal kommunen ikkje uttale seg om ei konkret utbygging, men om rammeplanen som eit styringsverktøy knytt til område Sunnhordland og Haugalandet. Om det skulle bli planlagt vindkraft i områda må dette gjennom ein normal konsesjonsprosess med nærare konsekvensutgreiing. Så langt ein i dag kjenner til er det i områda ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på «Norsk rødliste», men her er område definert som viktig ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)). Det er ikkje registrert særskilde kulturminne ([www.asketadden.no](http://www.asketadden.no)). Fjellområda er definert som inngrepsfrie naturområde.

Dei to områda er i dag viktige lokale friluftsområde. Til Grytenuten går det merka stiar både frå Kjølvikstølen og frå Østabø. Til Sellandsnuten går det merka sti til frå Sellendsvatnet. Fjella er markante i landskapet og gir god utsikt. Det ligg ein betydelig folkehelsegevinst i det friluftslivet som vert utøvd. Korleis ei vindkraftutbygging vil kunne påverke ferdsel er ikkje gitt. For nokre vil ei utbygging gjere fjellheimen meir tilgjengelig, for andre vert anna inngrepsfri natur meir verdsatt.

#### «Fylkesdelplanen for vindkraft i Rogaland»

Som innspel til arbeidet med rammeplan for vindkraft uttalte Rogaland fylkeskommune (fylkesutvalet ) i oktober 2018 at «Fylkesdelplan for vindkraft i Rogaland» burde leggest til grunn for utpeiking av aktuelle områder for vindkraftanlegg i fylket. Denne planen er frå 2007 og belyser forholdet mellom i kva grad eit område er eigna for vindkraftutbygging og konflikstar, og gir konkrete anbefalingar om arealbruk. Planen omfattar ikkje dei indre delane av fylket, blant anna Suldal. Årsaka for dette var at disse områda blei vurdert som lite aktuelle for vindkraftutbygging både på grunn av vindforhold, kostnader ved utbygging og generelt høy konfliktgrad, men og at manglande grunnlagsmateriale ville kunne forsinke arbeidet med planen.

#### Energiproduksjon i kommunen

Produksjon av fornybar energi er sentralt utifrå eit klimaperspektiv. I gjeldane kommuneplan er vindkraft er ikkje nemnd. Klima, energi og miljø er likevel sentralt. Det er mellom anna eit mål at Suldal kommune framleis skal vere ein stor produsent av vasskraft og vil auka produksjonen på ein berekraftig måte. Med Røldal-Suldal og Ulla-Førre er kommunen i dag ein av dei største kraftkommunane i landet. Etter 1995 er det bygd ut ei rekkje små kraftverk som til saman produserer meir enn straumforbruket i Suldal. Samla har dette ført til store inngrep i naturen med dei negative verknadane dette fører med seg, mellom anna for det biologiske mangfaldet.

Om det skal etablerast vindmøller i fjellområda vil dette innebere store fysiske naturinngrep som ikkje er reversible for komande generasjonar. Det er ikkje noko veg inn i områda i dag.

Den store fordelene med vindkraft er dette er ein fornybar energikilde og produksjonen av energi er utslippsfri. Vasskraft og vindkraft utfyller kvarande på ein god måte.

Etter at NVE sitt utkast til rammeplan blei kjent har det vore stort engasjement omkring saka over store delar av landet. Det store bilde i diskusjonen peikar på at befolkninga er kritiske til utbygging av vindkraft på fastlandet grunna inngrep i naturen, støy, skade på fuglar og estetikk i forhold til landskapsoppleving. I Suldal har det ikkje vore noko særskild engasjement rundt dette, men dei signala som kjem fram er i stor grad negative til vindmøller i kommunen. I denne samanheng blir det gjerne lagt vekt på at det lokalt allereie blir nytta store areal til produksjon av fornybar kraft.

Som omtalt ovanfor er Grendautvalet på Ropeidhalvøya positive til utbygging av fornybar energi som ved bruk av vindmøller, men legg vekt på ein først må utnytte vasskrafta som alt er bygd ut.

#### Alternativ

Alternativ til vindkraft er i dag til stades. Den største effektane vil ein kunna få ved

å effektivisere eksisterande vasskraftanlegg, blant anna i vår eigen kommune. I samband med krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Ulla-Førre og Røldal-Suldal krev kommunen at eventuell opprusting og utvidingsprosjekt må sjåast i samanheng med revisjonen.

Andre alternativ er havvind. Generelt sett blir det antatt at utbygging av vindkraftanlegg til havs vil være mindre konfliktfylt samanlikna med prosjekter på land. I så måte burde ein rammeplan for vindkraft innfatta havvind.

#### Konklusjon

I saka som no ligg føre, skal Suldal kommune ikkje uttale seg om ei konkret utbygging, men om styringsverktøy knytt til område som kan eigne seg for utbygging av vindkraft. Forutsigbarhet i lokaliseringa av vindkraftverk er viktig for både utbyggerar, myndigheiter, lokalbefolkning og andre. Med bakgrunn i Suldal kommune som stor vasskraftkommune med betydelige naturinngrep, samt dei lokale landskapsforholda i dei utpeikte vindkraftområda, vil rådmannen rå til at områda i kommunen som ligg inne i rammeplanen for vindkraft blir tatt ut.

### **12.09.2019 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)**

#### **Handsaming:**

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

#### **LMT- 080/19 Vedtak:**

Suldal kommune ber om at alt areal i kommunen vert teke ut av føreslått rammeplan for framtidig vindkraftutbygging.

### **24.09.2019 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

Nina Østebø spør seg ugild i saka som grunneigar. Kommunestyret finn ho gild. Representant Sverre Underbakke, H, kom til møte under handsaminga av saka.

#### **Røysting:**

Samrøystes vedtak i samsvar med innstilling.

#### **K- 054/19 Vedtak:**



Suldal kommune ber om at alt areal i kommunen vert teke ut av føreslått rammeplan for framtidig vindkraftutbygging.